



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Astrid Holte, 5557 2319

Vår dato  
19.12.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/2071 471  
Dykkar referanse

Bergen kommune v/Grønn etat  
Pb 7700  
5020 Bergen

### Rapport frå inspeksjon ved Pålamyra fyllplass 9. september 2014

Rapportnummer: 2014.130.I.FMHO

#### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:  
Lise Bjørnen, Tom Sandahl og Fritz Hafner

Frå Fylkesmannen i Hordaland:  
Astrid Holte og Nina Vadøy

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- deponigass
- sigevatn

Avvika er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Bergen kommune må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. mars 2015** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Sissel Storebø e.f.  
senioringeniør

Astrid Holte  
senioringeniør

*Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Namn:</b> Bergen kommune v/ Grønn etat	<b>Risikoklasse:</b> 3
<b>Besøksadresse:</b> Pålamyra Fyllplass, Rådalen	
<b>Postadresse:</b> Grønn etat, Postboks 7700, 5020 Bergen	
<b>E-post:</b> gronn.etat@bergen.kommune.no	<b>Telefon:</b> 55 56 92 60
<b>Kommune:</b> Bergen	<b>Organisasjonsnr.:</b> –
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 84.110 – Generell offentlig administrasjon	<b>Eigar (org.nr.):</b> 964 338 531
<b>Løyve datert:</b> 22. mars 1996	<b>Siste tilsyn:</b> 1. juli 2010

## 2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Miljødirektoratet og Fylkesmannen kontrollerte i september korleis avfallsdeponi over heile landet handterer sivevatn og deponigass. Både aktive og nedlagte deponi med etterdriftskrav vart kontrollert. Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- oppsamling og handtering av deponigass
- oppsamling og handtering av sivevatn
- overvaking
- vedlikehald av toppdekke
- internkontroll med vekt på risikovurdering

## 3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktast snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. mars 2015** sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med billedokumentasjon.

### Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan fristen, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

## 4. Kontrollgebyr

Fylkesmannen varsla i e-post 4. september 2014 at Bergen kommune skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12 000 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

## 5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland), jf. offentleglova.

## 6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- avfallsforskrifta
- forureiningsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 22. mars 1996

Informasjon om regelverket finn de på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

### Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## 7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### Avvik 1: Handtering av deponigassen har manglar

#### Avvik frå:

Løyvet punkt 4.1 om deponigass

Løyvet punkt 7.2 og 7.2.4 om krav til etterdriftsplan

#### Kommentar til regelverket:

Gass skal samlast opp og avbrennast på alle fyllingsområde i Rådalen der dette er teknisk mogleg. Det skal føreliggje ein plan for oppsamling og utnytting av gass frå alle fyllingane (Løyvet punkt 4.1 underpunkt 1 og 2).

Gassuttaket skal utførast slik at størst mogleg del av gassen i fyllinga blir samla og brent. Det er også stilt krav om at verksemda skal prøve å nytte seg av energien på best mogleg måte (løyvet punkt 4.1 underpunkt 5 og 7).

Det skal utarbeidast planar som gjer greie for rutinar og tiltak for etterdrift av fyllplassen. Ved endring i planane skal det sendast melding til Fylkesmannen. Etterdriftsplanen skal mellom anna omfatte driftsopplegg for gassanlegget og kontroll med nedbrytningsforløp (setningar, temperatur og gassutvikling) og utslepp til luft (løyvet punkt 7.2 og 7.2.4).

### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

Gassanlegget vert ikkje drifta slik at størst mogleg del av gassen blir samla og brent.

- Oppsamling og avbrenning av deponigassen har ikkje vore i drift sidan våren 2014 på grunn av at måleutstyret var øydelagt og at ein overføringsleidning var tett. Nytt måleutstyr var bestilt og venta levert i nær framtid, og reparasjon av overføringsleidning var planlagt.
- Fleire gassbrønner, mellom anna i delområde A og D, var utilgjengelege for drift og vedlikehald. Kommunen må sørge for tilkomst til alle gassbrønnane, for eksempel ved avtale med grunneigarar og brukarar av området, slik at gassanlegget kan drivast i tråd med krava.
- Avtale om drift av gassanlegget manglar. Rolls Royce Marine AS tar seg av den praktiske drifta av deponigassanlegget og eig gassmotoren som deponigassen skal gå til ved normal drift. Kommunen hadde ein skriftleg avtale om dette som gjekk ut 10. januar 2012. Rolls Royce Marine AS driftar etter den gamle avtalen, men det finst per dags dato ingen skriftleg avtale. Avtalen må mellom anna sikre størst mogleg gassoppsamling og at energien vert nytta på best mogleg måte.

Kommunen har ikkje ein oppdatert etterdriftsplan som omfattar driftsopplegg for gassanlegget og punkta over.

### **Avvik 2: Oppsamling, handtering og overvaking av sigevatn og overvatn har manglar**

#### **Avvik frå:**

Løyvet punkt 3.1 om oppsamling og handtering av sigevatn

Løyvet punkt 6.1.3 om overvaking av overvatn og Pålamyrsbekken

Forureiningslova § 7 om at ein ikkje kan forureine utan løyve etter § 11

Løyvet punkt 7.2 og 7.2.4 om krav til etterdriftsplan

#### **Kommentar til regelverket:**

Sigevatn frå alle fyllingane skal samlast opp og leiast til offentleg avløpsnett med utslepp i Raunefjorden. Dersom det blir oppdaga lekkasjar av sigevatn til grunnen eller Pålamyrsbekken, skal det så snart som mogleg setjast i verk tiltak for å redusere utsleppa (løyvet punkt 3.1 underpunkt 1 og 4).

Overvakinga skal kartlegge omfang av eventuell forureining av sigevatn i Pålamyrsbekken og lokalisere eventuelle lekkasjar av sigevatn eller andre forureiningar inn på overvasssystemet (Løyvet punkt 6.1.3).

Det er ikkje tillate å sette i verk tiltak som kan føre til forureining utan at det er gitt særskilt løyve etter § 11. Det er til dømes ikkje gitt løyve til utslepp av sigevatn eller forureina vatn frå andre verksemder til Pålamyrsbekken eller Fanafjorden i gjeldande utsleppsløyve (§ 7 i forureiningslova).

Det skal utarbeidast planar som gjer greie for rutinar og tiltak for etterdrift av fyllplassen. Ved endring i planane skal det sendast melding til Fylkesmannen. Etterdriftsplanen skal mellom anna omfatte driftsopplegg for oppsamlings- og behandlingssystem for sigevatn og overvasssystem, inkludert pumpestasjonar (løyvet punkt 7.2 og 7.2.4).

### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

Alt sigevatn blir ikkje ført til avløpsnett med utslepp i Raunefjorden

- Det er påvist lekkasje av sigevatn til Pålamyrsbekken. Sigevatn lek mellom anna ut via Skeievegen både nord og sør for deponiet. Kommunen har planlagt tiltak for å redusere utsleppa, men tiltaka er ikkje sett i verk.
- Ved overløp ved sigevasspumpa går forureina sigevatn til overvasssystemet og Pålamyrbekken

Forureina vatn frå andre aktivitetar er ført inn på overvasssystemet til Pålamyrsbekken utan løyve. Overvakinga har ikkje vore tilstrekkeleg til å avdekke dette.

- Kommunen har nyleg oppdaga at forureina sigevatn frå deponiet i Stendafjellet vert ført via overvasssystemet til Pålamyrsbekken. Kommunen v/Vann- og avløpsetaten har gitt løyve til påslepp til kommunalt nett av sigevatn frå Stendafjellet (FSG). Avtalen føreset at utsleppet vert ført til avløpsleidning som har utslepp til Raunefjorden, men kommunen oppdaga nyleg at dette vatnet ved ein feil er ført til overvassanlegget og Pålamyrsbekken med utløp i Fanafjorden.
- Ein del forureina overvatn frå industriområdet i nord går inn på overvassleidningen.

Kommunen har ikkje ein oppdatert etterdriftsplan som omfattar driftsopplegg for sigevassanlegget og punkta over.

## **8. Andre forhold**

Det gjeldande utsleppsløyvet til etterdrift av deponia i Rådalen vart gitt i 1996, og ein del krav er ikkje i tråd med dagens praksis. Fylkesmannen er derfor i gang med revisjon av løyvet. Kommunen sendte i august 2014 inn søknad om nytt etterdriftsløyve som grunnlag for revisjonen. Søknaden vil bli lagt ut til offentleg ettersyn etter nyttår.

For ein del tema som vart gjennomgått ved tilsynet har vi derfor vurdert at vi vil setje nye krav og fristar for gjennomføring i nytt utsleppsløyve. Vi har derfor ikkje ført avvik, sjølv om vi i nokre tilfelle vurderer at det er trong for tiltak.

Dette gjeld mellom anna følgjande tema:

- **Oppsamling av deponigass.** Det er krav om oppsamling og avbrenning av deponigass på alle fyllingsområde der dette er teknisk mulig. Det er laga brønningar for gassoppsamling i delområde D, A, noko i B, B\* og E. I delområda C, A\*, F og i det meste av B er det ikkje laga brønningar. Bergen kommune opplyste at det tidlegare har vore planar om å lage fleire brønningar, men at dei hadde prioritert drift og vedlikehald av eksisterande anlegg.
- **Diffuse gassutslepp og vedlikehald av toppdekke.** Dette er ikkje tydeleg regulert i gjeldande løyve utover at det står at etterdriftsplanen skal omfatte mellom anna kontroll av nedbrytingsforløp, etterfylling og kontroll med utslepp til luft. Kommunen må sørge for at toppdekke på alle delar av fyllinga ikkje fører meir vatn til deponiet enn det som er naudsynt for å oppretthalde naturleg nedbryting av avfallet. Toppdekket skal og bidra til å redusere emisjon av deponigass. Dette gjeld òg toppdekke på område med industri.

- **Overvakingsprogram.** Det er krav i løyvet til at overvakinga samla skal gje bilde av korleis fyllplassen verkar inn på miljøet rundt. Det går ikkje tydeleg fram at oppdatert overvakingsprogram skal godkjennast av Fylkesmannen. Kommunen har eit overvakingsprogram, men dei følgjer ikkje programmet på alle punkt. Mellom anna er fleire grunnvassbrønnar tatt ut av programmet, og vi meiner kommunen må vurdere om omfang av prøvepunkt er tilstrekkeleg.
- **Avskjering av overvatn.** Krav til avskjering av reint overvatn går ikkje tydeleg fram av gjeldande løyve. Det er vist til tidlegare løyve frå 1985 om klargjering, som mellom anna omfattar avskjering av overvatn. Det er trong for tiltak, og kommunen arbeider med dette.
- **Reinsing av sigevatn.** I dag blir sigevatnet ført til kommunalt reinseanlegg på Flesland. Ved revidering av løyvet vil vi vurdere å setje krav til lokal reinsing av sigevatnet.